

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Roald Stenseide (Frp) og Kari Sørensen Bernardini (A) stilte spørsmål om dei var inhabile fordi dei er styremedlem og styreleiar i Askøy Bompengeselskap AS. Stenseide og Bernardini gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile. Fylkestinget vedtok samrøystes at Roald Stenseide og Kari Sørensen Bernardini var inhabile etter forvaltningslova § 6, 2. ledd. Bompengeselskapet er ikkje part i saka, men Stenseide og Bernardini hadde deltatt i behandlinga av saka i styret for selskapet.

Roald Stenseide og Kari Sørensen Bernardini gjekk frå under behandlinga av saka. Christoffer Thomsen møtte for Stenseide i saka. Det var 56 representantar til stades.

**Rosalind Fosse (Frp)** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

«Nytt punkt 7:

For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeid med å auke inntektsgrunnlaget i pakken.

Fylkestinget ber om at prosjekta som er starta vert bygd fortløpande og at øvrige prosjekt vert prioritert i samarbeid mellom kontaktutval og Statens vegvesen.»

### Røysting

Innstillinga punkt 1-6 og punkt 8 vart samrøystes vedteken.

Fosse sitt forslag punkt 7 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 7.

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtek *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029*. Investeringsprogrammet skal følgje dei fylkeskommunale budsjett- og økonomiprosessane.
2. Fylkestinget godkjenner ny framdriftsplan for utbetring av tunnelane etter Tunnelsikkerhetsforskriften, og ber om at denne vert oversendt til Vegdirektoratet.
3. Fylkestinget er positiv til at det i handlingsprogrammet til NTP er lagt opp til auka rammer til rassikring på fylkesvegar i Hordaland, og ber om at det vert sett i gang planlegging på prioriterte prosjekt i investeringsprogrammet.
4. Fylkestinget legg til grunn at det ikkje er rom for store, nye investeringsprosjekt på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021, utanom bompengefinansierte prosjekt og rassikringsprosjekta.
5. Fylkestinget sluttar seg til målsetjinga om å sette av minimum 80 mill. kr årleg til forsterkning av eksisterande fylkesvegnett på investeringsbudsjettet. I 2018 er det forslag om 50 mill. kr til forsterkningsprogrammet.
6. Fylkestinget er positiv til at fleire kommunar ønskjer å inngå avtale med fylkeskommunen om spleiselag knytt til mindre utbetringar som til dømes gang- og sykkeltiltak.
7. For å sikre gjennomføring av alle prosjekta i Askøypakken ber fylkestinget om at det vert arbeid med å auke inntektsgrunnlaget i pakken.

Fylkestinget ber om at prosjekta som er starta vert bygd fortløpande og at øvrige prosjekt vert prioritert i samarbeid mellom kontaktutval og Statens vegvesen.

8. Fylkestinget sluttar seg til målsetjingane for trafikksikringsarbeidet, og dei tre særskilte

satsingsområda i Hordaland:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg